



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/217 - 23/10292

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Vedtak til klagevurdering - gbnr 89/29 Mjøs, dispensasjon for frådelling

Tiltak: Søknad om frådelling av eigedom
Eigedom: Gbnr: 89/29 Hosanger sentrum
Tiltakshavar: Bergen Og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådelling av tomt under eksisterande naust på kai i Hosanger sentrum.

Sit.plan:

Vedlegg Q1




Planstatus

Sentrumsområde i KPA og reguleringsplan.

Tillate grad av utnyttning etter gjeldende plan er 25 % BYA/.

utsnitt av KPA under:



Handsaming

Saka vart handsama av Osterøy kommune den 05/05/2023 saknr. 061/23, der følgjande vedtak vart fatta:

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen frå arealføremålet sentrumsområde, funksjonell strandsone og utnyttingsgrad for frådeling av tomt for naust på om lag 25 m² frå gnr. 89 bnr. 29 på følgjande vilkår, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, 11-9 nr. 1 og 5:

- Det vert vidare gjeve dispensasjon frå minsteavstand til nabogrensa i plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd, jf. plan- og bygningslova § 19-2.
- Plasseringa skal vere i samsvar med situasjonsplan motteken saman med dispensasjonssøknaden.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom for eksisterande naust på om lag 25 m² frå gnr. 89 bnr. 29 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan vedlagd søknad jf. pbl. § 29-4.
- Sørleg grense mot gnr. 89 bnr. 7 bør følgje eksisterande grense, jf. plan- og bygningslova § 26-1.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd."

Vedtaket vert send Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Sture Helle
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

89/29 - Søknad om deling, tomt for naust Hosanger kai
89-7 Rettighet til vei ny grunneiendom
89-12,28,29 Rettighet til vei og sjø ny grunneiendom
89/29 Mjøs - Søknad om dispensasjon og oppretting av ny grunneigedom - vedtak
89/29 - Søknad om endring av grunneigedom
Søknad om løyve til tiltak Gnr 89 bnr 29 i Osterøy kommune

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER